
Aukar syntetisk fyll i puter og dyner risikoen for alvorleg astma?

ARTIKKEL

LØVIK M

Sammendrag

Artikkelen refererer og kommenterer to publikasjonar om kva fyllet i soveputer og dyner kan ha å seie i høve til astma. Tradisjonelt har pasientane med astma fått råd om å kvitte seg med puter og dyner med fyll av dun og i staden gå over til syntetisk fyll. I ei nyleg publisert britisk undersøking av barn med alvorlege pustevanskar fann ein toinnemiljøfaktorar som hadde signifikant samanheng med astmaliknande plager. Kjæledyr med pels var ein risikofaktor, medan dunputer hadde ein klar beskyttande effekt samanlikna med puter med syntetisk fyll. Ei undersøking frå NewZealand viste at innhaldet av middallergen var mykje større i puter med syntetisk fyll enn i puter med dun. Det er einsterk statistisk samanheng mellom astma og allergi mot midd. Det er naudsynt med vidare studiar, men dei to artiklane tyder på at ved astma er dun som fyll i puter og dyner betre for helsa enn syntetisk fyll, og at ei forklaring på dette kan vere at syntetiske puter inneheld meir allergen frå husstøvmidd. Resultata illustrerer kor viktig det er atsaneringstiltak og miljøinngrep ved astma og allergi ikkje er baserte berre på tradisjon og skjønn, men på faktisk kunnskap om dei biologiske tilhøva og den medisinske nytteverknaden tiltaka gir.

Publisert: 20. april 1998. Tidsskr Nor Legeforen.

© Tidsskrift for Den norske legeforening 2026. Lastet ned fra tidsskriftet.no 15. juli 2026.